



Riksantikvaren
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 24/6353 - 24/83451	Vår saksbehandlar: Guro Dehli Sanden -	Dato: 20.06.2024
----------------	-----------------	--------------------------------	---	---------------------

Uttale til bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljøer

Høyring - Riksantikvaren bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø - uttale

Riksantikvaren har sendt utkast til bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø på høyring med frist 30. juni. Strategien er laga på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og er ein av fleire nye bevaringsstrategiar for ulike tema, mellom anna kyrkjer, kystkultur og handverk. Strategiane er forankra i Meld.St. 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfold.*

I høyringsbrevet ber Riksantikvaren spesielt om tilbakemelding på

- Avgrensing til strategien, famnar den om dei viktigaste utfordringane knytt til bevaring og bruk av landbrukets kulturmiljø?
- Er deltemaa som er foreslått egna til å spisse innsatsen mot dei riktige områda innanfor landbrukets kulturmiljø? Kva for problemstillingar bør bli prioritert?

Vi må igjen peike på fristane som blir satt for uttaler er for korte til at vi får tatt opp sakane til politisk behandling, noko som er beklageleg.

Tidlegare vedtak i fylkeskommunen

Fylkeskommunen har tidlegare uttalt seg til gamle og nye bevaringsstrategiar på kulturmiljøområdet, mellom anna i sak 146/22 og sak 13/23. I sak 146/22 om innretninga av bevaringsstrategiane vedtok Kultur-, næring- og folkehelseutvalet at utvalet «støtter det overordna grep med ei heilskapleg tilnærming til bevaring og utvikling av kulturmiljø. Ulike tilnærningsmåtar, betre samarbeid og meir samordning er gode grep for å nå dei nye måla i

kulturmiljøpolitikken. For å lykkast med å få til samordning og godt samarbeid, er det nødvendig med involvering og medverknad tidleg i planlegginga av prosessane.»

Fylkeskommunen er regional samfunnsutviklar og mynde på kulturmiljøområde.

Fylkeskommunen har ein eigen Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi og ein nyleg vedtatt fylkesplan for 2028-2028 der eit av måla innafor tema miljø er at «Møre og Romsdal skal ta vare på eit mangfald av viktige kulturmiljø og sjå kulturmiljøa som ein ressurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulærøkonom.» Uttalen vår er sett i lys av desse planane.

Kort om strategien

Bevaringsstrategiane skal bidra til vern og bruk av prioriterte kulturmiljø. Bevaringsstrategiane skal bidra til å strukturere, samordne og organisere innsatsen slik at dei tre nasjonale måla i stortingsmeldinga blir oppnådd; engasjement, berekraft og mangfald. Blant dei legg dei særleg vekt på målet om å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø.

Bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø skal bidra til at eit større mangfald av kulturmiljøa i landbruksområda blir tatt vare på, tatt i bruk og sett på som ein ressurs i næring- og samfunnsutviklinga. Berekraftig bruk og forvaltning av kulturmiljø blir løfta fram som tiltak som kan gi økt kvalitet og næringsutvikling for stader og landskap. Som igjen kan bidra til god ressursbruk og sirkulærøkonomi og moglegheiter for næringsutvikling. Bevaring og ombruk er tiltak som er god klimapolitikk som vil bidra til ein berekraftig ressursforvaltning.

Kven gjeld strategien for?

Bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø skal vere eit verktøy for ein samla innsats hos Staten, fylkeskommunane, Sametinget, kommunar, frivillige organisasjonar, næringsorganisasjonar og private eigarar til å prioritere innsats knytt til landbrukets kulturmiljø.

På regionalt nivå har fylkeskommunen hovudansvar for å initiere og koordinere tiltak og aktivitet i fylket, fordele statlege tilskotsmidlar, gi råd til kommunane og sikre ein god forvaltning av kulturmiljøa. Fylkeskommunane er ein viktig samfunnsaktør rolle og skal stimulere til utvikling og vekst i regionen.

Bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø består av fire deltema med resultatmål og døme på tiltak og aktivitet knytt til kvart deltema. Dei fire deltemaa er:

Deltema 1: Bygningar i jordbruket

Deltema 2: Jordbrukslandskapet

Deltema 3: Kulturmiljø i skog

Deltema 4: Kulturmiljø etter reindrift

Avgrensing

Avgrensinga av strategien famnar om dei viktigaste utfordringane knytt til bevaring og bruk av landbrukets kulturmiljø og er dekkande for dei fleste av utfordringane Møre og Romsdal fylkeskommune opplever knytt til landbrukets kulturmiljø.

Bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø må sjåast i samanheng med Riksantikvaren sine andre strategiarbeid, deriblant handverksstrategien, klimastrategien, fredingsstrategien og bevaringsstrategien for kysten kulturmiljø

Kulturmiljø frå moderne industriell fordeling av landbruksprodukt og utmarksaktivitetar som gruvedrift, fritidshytter, friluftsliv og liknande er ikkje omfatta av bevaringsstrategien.

Riksantikvaren foreslår at det utarbeidast ein bevaringsstrategi for industri med meir som kan dekke dette. Dette er vi einige i.

Deltema

Deltema 1: Bygningar i jordbruket

Deltemaet er spissa mot bevaring og bruk av freda og verneverdige bygningar og bygningsmiljø i landbruket. Der det særleg skal prioriterast bevaring og bruk av den førindustrielle garden sine bygningar, «enhetslåven» og seterbygningar.

Våre innspel:

Ved å velje omgrepene bygningar og bygningsmiljø i jordbruket så fell ein del anlegg i jordbruket utanfor deltemaet. Ein bør vurdere å kalle deltemaet for byggverk i jordbruket da det vil famne breiare og kunne dekke viktige anlegg knytt til den førindustrielle garden, seterbruk og utmarksbruk. Som til dømes steinveiter, og torvgardar og rydningsrøyser.

Ein type kulturminne som liten grad blir omtalt er kulturminne knytt til utmarksslått, som høyløer, stein- og torvgardar, vegfar, og stakketufter. Dette er ein del av jordbruket som var svært viktig inntil om lag 100 år sidan, men som sidan nesten er gått tapt både i minnet og i marka.

Nedlegging av seterdrift påverkar bygningane og bygningsmiljøet, men i ennå større grad kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet med kulturbetinga naturtypar, som blant anna beitemarks sopp. Møre og Romsdal fylkeskommune har i samarbeid med Statsforvaltaren jobba med denne problematikken, særleg i Verdsarvområdet for Geirangerfjorden.

Deltema 2: Jordbrukslandskapet

For deltema 2. prioriterast kulturlandskapet og arkeologiske kulturminne i jordbrukslandskapet. Ein ønsker å sikre eit større mangfald av kulturlandskap med store kulturmiljøverdiar og rikt biologisk mangfald.

Det blir trekt fram at eit aktivt landbruk er ein føresetnad for å ta vare på mange av kulturmiljøverdiane. Dette heng òg saman med utfordringa knytt til forfall og gjengroing som følgje av omleggingane i jordbruket.

Våre innspel:

Ei aktuell problemstilling framover som følgje av lausdriftskravet i landbruket er behovet for bygging av nye driftsbygningar. Dette er ei kostbare investeringar for bonden. Driftsbygningar omfattast ikkje av eksisterande ordningar i landbruket som reknast som mindre, private tiltak. Riksantikvaren bør vurdere å foreslå ei ordning der arkeologiske undersøkingar knytt til landbruk og skogbruk dekkes heilt eller delvis av staten. Dette vil vere konflikt dempande tiltak og stimulere til eit aktivt landbruk med engasjert drive. Føresetnaden er at den økonomiske ramma for å ivareta Statens forpliktelser i desse sakene blir auka.

Ei kjent utfordring som bevaringsstrategien tar opp er at ikkje-kjente arkeologiske kulturminne under dyrka mark blir tapt og desimert som følgje av eit tyngre og meir industrielt jordbruk. Her har Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) og NIBIO, (Norsk institutt for bioøkonomi) søkt midlar til eit forskingsprosjekt SALM, (Sustainable Archaeology and Land Management in Norwegian Farmland Using Autonomous Geophysical Systems), som går ut på gjennomføre georadarundersøkingar i utvalde viktige jordbruksområde i Rauma og Sunndal kommune, der det er særleg høgt potensiale for funn av ukjente arkeologiske kulturminne. Ved tildeling av forskingsmidlar til å gjennomføring av prosjektet, så vil ein få kunnskap til å svare ut fleire av bevaringsstrategien sine forslag til aktivitet og tiltak for deltema 2, deriblant ; « Identifisere de viktigste automatisk fredete kulturminnene som er truet av moderne jordbruksdrift med tanke på å sikre dem ved arkeologisk undersøkelser eller bevaring på stedet.» Og ein vil kunne nå resultatmålet; «konflikt mellom aktiv jordbruksdrift og automatisk fredet arkeologiske kulturminner er redusert». Samt nå fleire av oppførte kunnskap og kompetanse for deltemaet.

Deltema 3: Kulturmiljø i skog

For deltema 3 prioriterast skogbrukets kulturmiljø, arkeologiske kulturminne og skogdrift og kvalitetsvirke. Riksantikvaren saknar ein nasjonal oversikt over skogbrukets kulturmiljø. Kulturminne i skogane er svært liten grad kartlagt og registrert, og skogane er dermed nærmast å rekne som kvite flekkar på kartet.

Våre innspel:

Det bør sjås på korleis tilskot og prosjektmidlar kan brukast for å motivere skogbruksnæringa til å levere virke egna for restaurering og vedlikehald av freda og verneverdige bygningar og fartøy.

Videre bør ein sette i gang eit systematisk arbeid for å etablere ordningar i skogbruket for å sikre tilgang til spesialvirke også i framtida.

Ein bør sjå på regelverket knytt til hogst, og gjere endringar slik at hogst blir implementert som eit søknadspliktig tiltak. Slik som det er no så har kulturminnemyndigheita liten råderett dersom kulturminne ikkje er direkte råka av planlagt hogst. Flathogst med stadig tyngre hogstmaskinar, gjer store køyreskadar i grunnen. Dette i kombinasjon med at få kulturminne i skog i liten grad er kartlagde og til dels unøyaktig kartfesta gjer at ein risikerar stor tap av kulturmiljø, særleg av ikkje-kjente kulturminne. Ein bør sjå om det er moglegheit til å stimulerer til plukkhogst og andre meir skånsame hogstmetoder, i staden for flatehogst i område med særleg stort potensiale for funn av ikkje-kjente freda kulturminne, eller kjente kulturmiljøverdiar.

Deltema 4: Kulturmiljø etter reindrift

Deltema 4 gjelder ført og fremst kulturmiljø knytt til tamreindrift, men inkluderer også spor frå overgangen frå villreinfangst. Registrering og kartlegging skal prioriterast i ein tidleg fase av strategigjennomføringa.

Våre innspel:

Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker trekke fram Trollheimen som eit særskilt område for registrering og kartlegging. Fjellområda i Trollheimen grenser til både Møre og Romsdal og Trøndelag. Her var det framleis ein liten villreinstamme på starten av 1900-talet, medan det ueinigkeit om kor lenge det har vore tamreindrift i området. I dag er deler av Trollheimen Noregs sør-vestlegaste, sør-samiske tamreindriftsområde. Tidlegare systematiske kartleggingar av jakt- og fangst på villrein, stopper på grensa mellom Møre og Romsdal og Trøndelag, og gjer at Trollheimen i stor grad framstår som ein kvit flekk på kartet når det kjem til kartlegging av kulturmiljø knytt til villrein og overgangen til tamreindrift.

Konklusjon

Bevaringsstrategien er i det store og heile god og dekkande for dei fleste utfordringane Møre og Romsdal fylkeskommune opplever i møte med landbrukets kulturmiljø. Vi vil spesielt peike desse momenta:

1. Viktig at den offentlege forvaltinga jobbar med ein samordning av verkemidlar, som gjer det enklare for søkerane å kombinere midlar frå ulike tilskotsordningar.
2. Riksantikvaren bør for deltema 1. vurdere å endre omgrepene bygningar i landbruket til byggverk i landbruket for at deltemaet kan omfatte viktige anlegg i gards- og setermiljøet.
3. Riksantikvaren bør i samarbeid med Landbruksdirektoratet finne ei løysing som gjer at driftsbygningane blir omfatta av tiltak som rekna som mindre, private tiltak, slik at nødvendige arkeologiske undersøkingar heilt eller delvis blir dekt av staten.

4. Tap og desimering av arkeologiske kulturminne under dyrka mark som følgje av eit tyngre og meir industrielt jordbruk er ei viktig utfordring som bør prioriterast.
5. Ein bør sjå på korleis tilskot og prosjektmidlar kan brukast til motivere og stimulere skogbruksnæringa til i større grad sortere og kunne levere eigna kvalitetsvirke til restaurering og vedlikehald av freda og verneverdige bygg og anlegg, og fartøy. Samt bør det settast i gang eit arbeid med å etablere ordningar i skogbruket som sikrar tilgang til spesialvirke for framtida.
6. Riksantikvaren bør jobbe for at hogst blir implementert som eit søknadspliktig tiltak, slik at fylkeskommunane får hogstplanane til høyring og har heimel til å stille krav om arkeologisk registrering av hogstområda. Det bør òg sjåast på ordningar som kan stimulere til meir skånsam hogstform i særleg sårbare og viktige kulturmiljø.
7. Registrering og kartlegging av kulturmiljø for jakt- og fangst på villrein, og tamreindrift er viktig for å betre kunnskapsgrunnlag om desse miljøa.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Hilde Arna Tokle Yri
konst. seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur